

# Kvinnherad idrettsråd

Organisasjonsledd i  
**NORGES  
IDRETTSFORBUND**

Uskedalen 30.09.2015

## Referat frå styremøte og samarbeidsmøte med Kvinnherad kommune tysdag 29.09.2015

Rådhuset, kommunestyresalen kl. 18.00 - 20.20

**Møtt:** Steinar Bjørkelund, Henriette Seim, Anna Prestnes, Anbjørn Høivik, Linda Øen (Kvinnherad kommune)

**Forfall:** Dagfinn Gjerde, Gunnar Våge, Bjarte Solheim, Ingvar Hølland, Anton Sjursen

### 1. Referat frå førre møte

Gjennomgang av referat frå styremøtet 18.08.2015. Samrøystes godkjent.

### 2. Samarbeid med Kvinnherad kommune

Punkta i samarbeidsavtalen vart gjennomgått og det er semje om at intensjonane i avtalen vert følgt opp både av kommunen og av idrettsrådet. Avtalen skal evaluerast i 2016.

### 3. Revidering av handlingsdelen til KDP idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Linda Øen la fram forslag til ny handlingsdel og prioriteringslister for tildeling av spelemidlar og kommunale investeringar/tilskot. Handlingsdelen har fått ny form som gir betre oversikt og kvart prosjekt har no fått ei stutt skildring. Styret er særstilt nøgd med desse endringane. Under anleggskildringane er det ønske om ei statusfelt i tillegg som seier noko om kva fase prosjektet ligg i.

Siste setning under «andre tiltak» skal oppdaterast i høve til ordlyden i hovudplanen (Husnes idrettssenter).

Styret ga samrøystes tilslutting til prioriteringane i handlingsdelen.

Styret drøfta ein lokal anleggskonferanse som tiltak for å auke samhandlinga laga i mellom, skapa større merksemd til anleggsutvikling og tilføra kompetanse. Denne sakana vil styret jobba vidare med.

### 4. Idrettsstipend

Bjarte driv saka fram for idrettsrådet. Sidan han hadde forfall vart saka utsett til neste møte.

### 5. Valkomite 2016

Dagfinn hadde forfall til møtet, men meldte på førehand at det er krevjande å få ein kandidat til å stilla. Det vert jobba vidare med dette fram til neste møte.

## **6. Heimeside**

Anna presenterte framlegg til heimeside for KIR. Nettstaden er på det nærmeste ferdig utvikla og fylt med naudsynt innhald. Framdriftsplanen med lansering innan 15.10.2015 vil halda. Styret er godt nøgd med løysinga.

Alle i styret må gå gjennom sida med kritisk blikk dei neste to vekene å mælda frå til Anna om feil, trøng for endringar og forslag til nytt innhald. Det er ønskje om bidrag til menypunktet «Nyttige lenker»; kom med forslag. Fram til lansering ligg nettstaden på denne adressa:

<http://kvinnheradidrettsrad.dev.iwww.no/>

Anbjørn presenterte framlegg til Facebookside for KIR og styret ga si tilslutting til den. FB-sida vert lansert samstundes som heimesida.

## **7.Ymse**

- Henriette seier frå seg oppgåva som skrivar i idrettsrådet, men fortset som styremedlem. Leiaren vil fungera som skrivar.
- Søkekurs for spelemidlar vart gjennomført som planlagt 7. september. Det var 8-9 deltagarar og styret meiner det var ein god start på dette satsingsområdet.
- Mindreårige utøvarar med lita betalingsevne: Anbjørn har tett kontakt med kommunen sitt barnefattigdomsprosjekt. KIR fokuserer på tiltaksmidlar og samarbeidsmåtar med kommunen.
- Idrettsrådkonferansen 6. – 7. november, Bergen: Steinar og Anbjørn deltek om dei får det til å passa.
- I brev datert 29.09.2015 har Hordaland idrettskrets godkjent at Kvinnherad Hesteskysslag får mælda seg ut av NIF. Hesteskysslaget er lagt ned og aktiviteten har gått inn i Kvinnherad Fjordhestlag. Fjordhestlaget er ikkje medlem i NIF, og KIR får såleis eit medlem mindre.

## **8. Rullert aksjonsliste**

Nr.	Aktivitet	Ansvarleg	Medansvar	Innan
2	Idrettsstipend	Bjarte		Løpande
3	Etablering av vedtekter for idrettsrådet	Anbjørn		Mars 16
4	Tredje person til valkomiteen. Peika ut leiar.	Dagfinn	Anna	29.09.15
5	Heimeside og Facebookside på lufta	Anna	Anbjørn	15.10.15
7	Lokalidrett/barnefattigdom. Kontakt med kommunen	Anbjørn		Løpande
9	Fordeling LAM-midlar	Gunnar		04.12.15
12	Deltaking på idrettsrådkonferansen 2015	Steinar	Anbjørn	07.11.15
13	Anleggskonferanse for Kvinnherad	Anbjørn		?

## **8. Neste møte**

Neste møte vert i november, men datoer er førebels ikkje fastsett.